



Nynorsk kultursentrum

Fylkestinget i Rogaland
Fylkestinget i Hordaland
Fylkestinget i Sogn og Fjordane

Vår ref.: 443-426 OG

Hovdebygda, 2. oktober 2016

Språk i Vestlandsregionen

Nynorsk kultursentrum bed dei tre fylkestinga vedta at staten skal bruke nynorsk overfor den nye regionen i samsvar med § 5 i mållova. Likeins bed vi fylkestinga vedta klare reglar for nynorsk som administrasjonsspråk i regionen, med klare språklege rettar for tilsette og innbyggjarar i samsvar med § 6 i mållova. Vi bed også om at fylkestinga inkluderer arbeid for klart språk i desse språkreglane.

Nedanfor grunngir vi tilrådingane, og vi legg ved framlegg til språkreglar saman med oppdaterte «Språkfakta om Vestlandsregionen».

Grunnlag for tilrådingane

Den nye regionen som tek form gjennom intensjonsavtalen mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar av 16. september 2016, vil med si økonomiske kraft og over ein million innbyggjarar bli ein mektig aktør i norsk samfunnsutvikling og offentleg forvaltning. Nynorsk kultursentrum med 24 stiftarar og partnerar frå heile landet legg vekt på at regionen blir like tydeleg språkpolitisk som næringspolitisk. Kommunar, fylkeskommunar og regionar er språkleg viktigare aktørar enn mange politikarar trur. Det handlar om identitet, folkestyre og å skrive godt og forståeleg.

Fylkestinga kan i denne saka gjere to vedtak. Det eine er kva språk staten skal skrive til den nye regionen på. Det andre er kva administrasjonsspråket i regionen bør vere.

Rådet i Nynorsk kultursentrum med representantar for stiftarane og partnerane våre drøfta intensjonsavtalen 29. september 2016, og styret gjorde det dagen etter. Begge organa bed samrøystes fylkestinga gjere dei nemnde vedtaka.

Vestlandets nasjonale rolle

I intensjonsavtalen blir det med rette slått fast at «nynorsk har vore, og er ein viktig felles identitetsbygger». Dette gjeld for både Vestlandet og andre landsdelar. Ved å jamstille nynorsk og bokmål i 1885 gjorde Stortinget truleg Noreg til den første formelt fleirspråklege staten i verda. No er slike fleirspråklege statar blitt meir og meir vanlege. Ei spørjeundersøking i 2013 viste at Vestlandet var den einaste landsdelen der så mykje som seks av ti innbyggjarar meinte at nynorsk og bokmål framleis skal vere to jamstelte språk.

Kor viktig Vestlandet er i den nasjonale språkpolitikken, kjem til uttrykk på fleire måtar. Seks av ti nynorsk kommunar i Noreg ligg i den nye regionen. Det same gjer godt over halvparten av alle kyrkjesokn med nynorsk liturgi, likeins seks av ti aviser redigerte på berre



nynorsk. Sju av ti nynorskelevar i grunnskulen bur i dei tre fylka, det same gjer sju av ti avgangselevar i vidaregåande skule.

At nynorskbrukarane tidleg danna fleire regionale tyngdepunkt i landet, var ein nødvendig føresetnad for at jamstillinga kunne bli meir enn ord. Enno er det likevel langt fram til ei reell jamstilling, og Vestlandet er den einaste landsdelen med eit nynorsk tyngdepunkt. Det har ringverknader for heile landet, og det forpliktar. '

Språkfakta om Vestlandsregionen

Det går fram av vedlegget «Språkfakta om Vestlandsregionen» at fleirtalet av vaksne innbyggjarar i Vestlandsregionen helst skriv bokmål privat. Bokmålsbrukarane er i stort fleirtal i Rogaland, nynorskbrukarane i like stort fleirtal i Sogn og Fjordane. Der er 138 000 grunnskuleelevar i dei tre fylka, og for 62 prosent av dei er bokmål opplæringspråket, for 38 prosent nynorsk. Det er likevel ikkje dette som skal avgjere tenestemålet overfor den nye regionen.

I 2016 er det 85 kommunar i dei tre fylka. Staten bruker nynorsk til 67 av desse kommunane, eller 79 prosent. 30 kommunar i Hordaland har nynorsk, alle 26 kommunane i Sogn og Fjordane, og 11 kommunar i Rogaland. Det er 12 språknøytrale kommunar i Rogaland og tre i Hordaland (Bergen, Askøy og Odda). Dei tre byane Eigersund, Stavanger og Hauge-sund er dei einaste bokmålskommunane i regionen.

Nynorsk er tenestemålet til dei regionale statsorgana i heile regionen. Det vil seie at alle statsorgan skal bruke nynorsk i all generell informasjon (annonser, fellesbrev til alle kommunane i regionen, oppslag på nettstaden, invitasjonar til kurs, rapportar med meir).

Alle statsorgan skal i dag skrive nynorsk til fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, medan Rogaland fylkeskommune har definert seg som språknøytral.

Det er 288 kyrkjesokn i dei tre fylka. 206 av desse, eller 72 prosent, bruker nynorsk liturgi. Innanfor regionen går det eit visst skilje mellom dei to bispedøma.

Det kjem ut 51 aviser i dei tre fylka. Over halvparten av dei er redigerte på nynorsk, mange er språkblanda redaksjonelt, og berre tre av ti er redigerte på bokmål. Likeins er administrasjonsspråket nynorsk i over halvparten av dei 15 musea i regionen.

Høgskulen på Vestlandet med avdelingar frå Førde til Haugesund kjem i drift frå 1. januar 2017. Partane blei alt tidleg i forhandlingane samde om at nynorsk skal vere det administrative hovudspråket.

Statleg kommunikasjon med Vestlandsregionen

I området til Vestlandsregionen er det eit overveldande fleirtal av nynorsk-kommunar. Vi bed om at fylkestinga vedtek eit tillegg til intensjonsavtalen om at staten skal bruke nynorsk i sin skriftlege kommunikasjon med regionen, slik § 5 i mållova gir dei høve til.

Utan vedtak definerer regionen seg som språknøytral, og sakshandsamarane i staten kan velje om dei vil skrive på bokmål eller nynorsk.

Nynorsk administrasjonsspråk med språklege rettar for alle

Dei folkevalde i regionen står fritt til å avgjere kva administrasjonsspråket i Vestlandsregionen skal vere.

Nøytralitet må ikkje forvekslast med jamstilling. I språknøytrale kommunar og fylkeskommunar er det som regel bokmål som dominerer. Fleire norske fylkeskommunar har delte løysingar med nynorsk i nokre sektorar og bokmål i andre, eller nynorsk i nokre typar dokument og bokmål i andre. Desse løysingane fungerer aldri godt over tid. Det som er det mest brukte språket privat, blir etter kvart dominerande også i yrkeskvardagen.

Å sikre bruk av nynorsk i saksdokument, planar, rapportar, annonsar, skilt, namn, nettsider er svært viktig for det samla omfanget av nynorsk tekst. Det er også ei viktig støtte til dei mange kommunane som skal lage planar og saksutgreiingar med utgangspunkt i dokument frå regionen.

Nynorsk kultursentrum bed dei tre fylkestinga vedta presise språkreglar for den nye regionen. Eter drøfting i råd og styre legg vi ved eit framlegg til slike reglar. Språkreglane regulerer alle dei viktigaste sidene av saka, og dei viser kva det inneber for tilsette og innbyggjarar.

Framlegget til språkreglar inneber at den nye regionen på eitt punkt følgjer reglane for språk i statstenesta og svarar private (personar, institusjonar, organisasjonar, bedrifter) på det språket dei sjølve bruker (§ 6 i mållova). Dette sikrar også rettane til dei mange bokmålsbrukarane i regionen.

Reglar for klart språk og universell tilgjengelegheit

Den nye regionen treng også reglar for klart språk og universell tilgjengelegheit.

Det har lenge vore eit demokratisk problem at offentleg forvaltning har ordlagt seg uforståeleg eller vanskeleg. Staten har i mange år måtta bruke mykje tid og pengar på å formulere seg klarare, enklare og tydelegare til innbyggjarane. Offentlege dokument kan aldri bli for godt og klart skrivne. Dette arbeidet for klart språk går i staten hand i hanske med meir nynorsk. Vestlandsregionen bør leggje ambisjonen høgt på dette punktet.

Vår vurdering er at framlegget til språkreglar definerer den standarden som bør gjelde for alle nye regionar, tilpassa bruksmønstera for nynorsk og bokmål i kvar region. Her kan dei tre fylkestinga gjere den nye regionen til eit føredøme for andre.

Nynorsk kultursentrum står til teneste for vidare samarbeid om saka.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum

Øystein A. Vangsnes (s)
rådsordførar

Lodve Solholm (s)
styreleiar


Ottar Grepstad
direktør

Vedlegg

- 1 Språkreglar for Vestlandsregionen
- 2 Språkfakta om Vestlandsregionen



Nynorsk kultursentrum

Språkreglar for Vestlandsregionen

Vedlegg til intensjonsavtale signert 16.9.2016
Framlegg frå Nynorsk kultursentrum 30.9.2016

Vedtak

Desse språkreglane gjeld frå og med det tidspunktet då fellesnemnda og arbeidsutvalet for perioden 2017–2020 kjem i funksjon.

Føremål og omsyn

Språkreglane for tilsette i Vestlandsregionen skal vere klare og lette å forstå, enkle å bruke og formidle til innbyggjarar og tilsette.

Språkreglane tek vare på dei språklege rettane til innbyggjarane og verksemdene uavhengig av om dei bruker nynorsk eller bokmål privat.

Språkreglane tek omsyn til at nynorsk er mest brukt institusjonelt og bokmål mest brukt privat i regionen.

Språkreglane følgjer intensjonane i lov om målbruk i offentleg teneste for situasjonar der lova regulerer tilsvarende forhold i staten.

Statleg kommunikasjon med Vestlandsregionen

Lov om målbruk i offentleg teneste fastset kva som er tenestemålet til regionale statsorgan. Innanfor grensene til Vestlandsregionen har alle regionale statsorgan nynorsk tenestemål fordi det er fleirtal av nynorskkommunar i tenesteområdet. Det vil seie at dei skal bruke nynorsk i all generell informasjon (annonsar, fellesbrev til alle kommunane i regionen, oppslag på nettstaden, invitasjonar til kurs, rapportar med meir).

Vestlandsregionen skal få skriv frå alle statsorgan på nynorsk.

Administrasjonsspråk i regionen

Administrasjonsspråk er det språket som blir brukt administrativt i regionen. Desse reglane gjeld:

1. Saksførelegg til og protokollar frå politiske organ i regionen skal vere på nynorsk.
2. Privatpersonar, private bedrifter, institusjonar og organisasjonar i og utanfor regionen får svar på nynorsk eller bokmål alt etter kva dei sjølve bruker, anten det gjeld sms, e-post eller vanlege brev. Dette inneber at dokumentmalar for saker som gjeld kontakt med desse, skal liggje føre på nynorsk og bokmål.
3. Til kommunar og kommunale føretak bruker regionen det språket som kommunen eller føretaket har valt i sin kommunikasjon med staten.

4. Ekstern informasjon på nett, i publikasjonar, pressemeldingar, kunngjeringar og annonsar skal vere på nynorsk.

5. Nettstader og kontoar i sosiale medium som er underlagde Vestlandsregionen, blir redigerte på nynorsk. Signerte innlegg blir publiserte på det språket vedkomande bruker.

6. Vanleg brukt programvare på digitale arbeidsstasjonar skal ha menyar på både nynorsk og bokmål. Der dette manglar, krev regionen at leverandøren lagar slike utan meirkostnad for regionen. Dette gjeld programvare til alle tilsette og for elevar i vidaregåande skular og andre skular som regionen eig.

7. Alle skjema som innbyggjarar, institusjonar, organisasjonar eller verksemder i regionen skal fylle ut, skal liggje føre på nynorsk og bokmål.

8. Trafikkskilt, informasjonsskjermar, skilt på offentlege stader eigde av Vestlandsregionen og i bygningar eigde av Vestlandsregionen skal vere på nynorsk.

9. Selskap og einingar som Vestlandsregionen eig, eller som utfører tenester på vegner av Vestlandsregionen, skal følgje dei reglane for administrasjonsspråk som er fastsette i dette dokumentet.

10. Interne styringsdokument, retningslinjer, malar med meir skal vere på nynorsk.

11. I intern kommunikasjon gjeld dei språklege rettane for kvar medarbeidar, som dermed vel om interne notat på intranett og liknande skal vere på nynorsk eller bokmål. I dokument som fleire er med og skriv, blir medarbeidarane på førehand samde om det skal vere på nynorsk eller bokmål. Dokument som seinare skal brukast eksternt, skal vere på nynorsk.

12. Juridiske avtalar som Vestlandsregionen skriv, blir gjorde på nynorsk.

13. Folkevalde til regionting, regionutval med meir skriv nynorsk eller bokmål som før.

Regionutvalet fastset eigne reglar for å oppfylle dei språklege rettane til brukarane av teiknspråk, synshemma og rørslehemma.

Klart språk og universell tilgjengelegheit

Vestlandsregionen skal bruke eit klart språk som er lett å forstå for innbyggjarane og ei grafisk form som er i samsvar med lov om universell tilgjengelegheit. Dette inneber:

1. Vestlandsregionen skal vere eit føredøme for klart språk i offentleg forvaltning. Regionen vil lære av arbeidet med klart språk i statsforvaltninga og systematisk bruke dei erfaringane i eiga regionforvaltning.
2. Dokument og informasjon skal formast ut i samsvar med retningslinjer som følgjer av lov om universell tilgjengelegheit.

Leiing, kunnskap og oppfølging

1. Regionrådmannen har det administrative ansvaret for at desse reglane blir følgde.
2. Leiarar og mellomleiarar syter for at desse reglane blir følgde i alle delar av organisasjonen, og for at medarbeidarane har den kunnskapen og dei språklege hjelpemidla dei treng for å forvalte desse reglane.
3. Regiontinget handsamar ein gong i kvar valperiode som vedtakssak ei statusmelding frå regionrådmannen om bruken av nynorsk, bokmål og klarspråk i regionen.



Nynorsk kultursentrum

Språkfakta om Vestlandsregionen

Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane

Statleg kommunikasjon med kommunane 2015
Liturgispråk i kyrkjesokn 2015
Aviser etter redaksjonsspråk 2014
Museum etter administrasjonsspråk 2014
Elevar i grunnskulen etter førstespråk 2015
Avgangselevar vidaregåande skular etter førstespråk 2015
Vernepliktige etter førstespråk 2014
Folketal etter tenestemål i kommunane 2015
Skriftspråk privat 2014
Meining om språkleg jamstelling 2013

Ørsta, 30.9.2016

1 Statleg kommunikasjon med kommunane 2015

Absolutte tal og prosent

	Nynorsk	Nøytral	Bokmål	Sum
Rogaland	11	12	3	26
Hordaland	30	3	0	33
Sogn og Fjordane	26	0	0	26
Vestlandsregionen	67	15	3	85
<i>Prosent</i>	79	17	4	
Noreg	113	157	158	428
<i>Prosent</i>	26	37	37	
<i>Prosent Vestlandet</i>	59	10	2	

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015, Ørsta 2015*, tabell 11.1.17

2 Liturgispråk i kyrkjesokn 2015

Absolutte tal og prosent

	Nynorsk	Begge	Bokmål	I alt	% nynorsk
Stavanger	38	8	46	92	41
Bjergvin	168	4	24	196	86
Vestlandsregionen	206	12	70	288	
<i>Prosent</i>	72	4	24		
Noreg	369	16	881	1266	
<i>Prosent</i>	29	1	70		
<i>Prosent Vestlandet</i>	56	75	8		

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015, Ørsta 2015*, tabell 17.1.7

3 Aviser etter redaksjonsspråk 2014

Absolutte tal og prosent

	Nynorsk		Begge		Bokmål		I alt	
	Tal	Opplag	Tal	Opplag	Tal	Opplag	Tal	Opplag
Rogaland	4	8 562	4	24 729	6	102 884	14	136 175
Hordaland	15	59 177	4	88 594	9	55 117	28	202 888
Sogn og Fjordane	8	36 535	1	4 648	0	0	9	41 183
Vestlandsregionen	27	104 274	9	117 971	15	158 001	51	380 246
<i>Prosent</i>	53	27	18	31	29	42		
Noreg	46	175 903	21	213 128	166	1 777 743	235	2 168 506
<i>Prosent</i>	20	8	9	6	71	85		
<i>Prosent Vestlandet</i>	59	59	43	55	9	9		

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015, Ørsta 2015*, tabell 15.2.18

4 Museum etter administrasjonsspråk 2014

Absolutte tal og prosent

	Institusjonar	Gjester
Nynorsk		
Jærmuseet		257 000
Ryfylkemuseet		18 718
Baroniet i Rosendal		59 275
Hardanger og Voss Museum		44 493
Museumssenteret i Hordaland		27 499
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum		18 970
Nynorsk kultursentrum / Hauge-senteret		5 509
Sunnhordland Museum		22 055
Musea i Sogn og Fjordane		58 530
Sum gjester	9	512 049
Bokmål		
Dalane Folkemuseum		22 214
Haugalandsmuseene		33 930
Museum Stavanger		168 580
Bergens Sjøfartsmuseum		26 003
Bymuseet i Bergen		161 509
KODE Kustmjseene i Bergen		185 692
Museu Vest		9 602
Sum gjester	7	607 530
Vestlandet	16	1 119 579
<i>Prosent nynorsk</i>	56	46

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015, Ørsta 2015*, tabell 19.3.3 og *Prop. 1 S (2015–2016) Kulturdepartementet*, s. 114 f.

5 Elevar i grunnskulen etter førstespråk 2015

Skuleåret 2015/2016

Absolutte tal og prosent

	Nynorsk	Bokmål	I alt	% nynorsk
Rogaland	14212	46266	60478	23
Hordaland	24118	38611	62729	38
Sogn og Fjordane	13639	337	13976	98
Vestlandsregionen	51969	85214	137183	
<i>Prosent</i>	38	62		
Noreg	76389	542234	618623	
<i>Prosent</i>	12	88		
<i>Prosent Vestlandet</i>	68	16		

Grunnskolens Informasjonssystem, gsi.no, lesedato 16.9.2016

6 Avgangselevar vidaregåande skular etter førstespråk 2015

Studieførebuande og påbygging

Absolutte tal og prosent

	Nynorsk	Bokmål	I alt	% nynorsk
Rogaland	268	3893	4161	6
Hordaland	1102	4112	5214	21
Sogn og Fjordane	907	132	1039	87
Vestlandsregionen	2277	8137	10414	
<i>Prosent</i>	22	78		
Noreg	3209	46687	49896	6
<i>Prosent</i>	6	94		
<i>Prosent Vestlandet</i>	71	17		

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015*, Ørsta 2015, tabell 9.1.5

7 Vernepliktige etter førstespråk 2014

Absolutte tal og prosent

	Menn		Kvinner		Sum		
	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	% nynorsk
Rogaland	279	2689	200	2633	479	5322	8
Hordaland	778	774	636	867	1414	1641	46
Bergen	18	1449	9	1398	27	2847	1
Sogn og Fjordane	669	76	601	72	1270	148	90
Vestlandsregionen	1744	4988	1446	4970	3190	9958	
<i>Prosent</i>	26	74	23	77	24	76	
Noreg	2501	28292	2085	27105	4586	55397	8
<i>Prosent</i>	8	92	7	93	8	92	
<i>Prosent Vestlandet</i>	70	18	69	18	70	18	

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015*, Ørsta 2015, tabell 7.4.13

8 Folketal etter tenestemål i kommunane 2015

Absolutte tal og prosent

	Bokmål		I alt	% nynorsk
	Nynorsk	Nøytrale		
Rogaland	76183	390119	466302	16
Hordaland	201435	309922	511357	39
Sogn og Fjordane	109170	0	109170	100
Vestlandsregionen	386788	700041	1086829	
<i>Prosent</i>	36	64		
Noreg	566898	4598904	5165802	
<i>Prosent</i>	11	89		
<i>Prosent Vestlandet</i>	68	15		

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015*, Ørsta 2015, tabell 4.2.5

9 Skriftspråk privat 2014

Prosent

	Nynorsk	Begge	Bokmål
Rogaland	12	11	77
Hordaland	22	15	63
Sogn og Fjordane	62	13	26
Vestlandsregionen	23	14	63
Noreg	8	6	86

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015*, Ørsta 2015, tabell 7.2.14

10 Mening om språkleg jamstelling 2013

Prosent

I 1885 vedtok Stortinget at nynorsk og bokmål skal være likestilte språk i Norge. Er du helt enig, delvis enig, hverken enig eller uenig, delvis uenig eller helt uenig i at bokmål og nynorsk fremdeles skal være likestilte språk?

	Verken					
	Heilt samd	Dels samd	eller usamd	Dels usamd	Heilt usamd	Veit ikkje
Vestlandsregionen	44	18	6	9	21	2
Noreg	31	17	5	17	28	1

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015*, Ørsta 2015, tabell 5.1.6